

# Tilskot til friluftslivets ferdsselsårer

## Føremål med tilskotsordninga

Tiltaka som får tilskot skal bidra til å identifisere, ivareta, utvikle og tilrettelegge friluftslivets ferdsselsårer gjennom ein eigen plan i kvar kommune. Planen skal utarbeidast i dialog med lag og organisasjonar. Målet er å få fleire til å utøve friluftsliv jamlegare ved å auke tilgjengelegheta for å utøve friluftsliv heile året på land og på vatn.

## Kven kan søke:

- Kommunar i Vestland

## Kva kan ein få støtte til

- Utarbeidning av ein heilsakleg kommunal plan for friluftslivets ferdsselsårer, i samsvar med rettleiar M-1292 frå Miljødirektoratet.

## Søknadsfrist

- 15. februar

## Støtte og finansiering

- Gode prosjekt blir støtta med tilskot til gjennomføring av arbeidet. Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale kostnadane.

## Følgjande vilkår må vere oppfylt for at tilskot skal kunne tildelast:

- Kommunen må ha fullført kartlegging og verdisetting av friluftslivsområder
- Tiltaket må gjennomførast innan 1,5 år.

## Vurdering

Tildeling av tilskot til søknader som fyller vilkåra blir vurdert med utgangspunkt i formålet med ordninga, der det mellom anna blir lagt vekt på følgjande moment:

- I kva grad det er samarbeid med andre aktørar (andre kommunar og organisasjonar).
- I kva grad tiltaket aukar kunnskapen om alle ferdsselsårer i kommunen.
- I kva grad tiltaket aukar tilgjengeleheit og bruk av ferdsselsårene
- I kva grad tiltaket fører til konkrete tiltak i tråd med rettleiar M- 1292

## Vedtak

Avdeling for kultur, idrett og inkludering førebur søknadane for politisk handsaming og Hovudutval for kultur, idrett og inkludering gjer vedtak. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunngjevast i saksframleggjet. Vedtak som fråvik frå fylkesrådmannen si innstilling skal også grunngjevast. Utvalet har møte ein gong i månaden.

## Krav til søknaden

Søknaden skal innehalde tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon til at vedtak kan gjerast. Den skal fremjast på elektronisk søknadsskjema og m.a. innehalde:

- Dokumentasjon som kort gjer greie for målet for tiltaket, korleis arbeidet er planlagt gjennomført, kven som er involvert, framdriftsplan og ei skildring av korleis tiltaket skal vidareførast etter tilskotsperioden.
- Finansieringsplan/budsjett for tiltaket. Om tiltaket er støtta/søkt om frå andre fylkeskommunale/statlege tilskotsordningar, skal dette informerast om i søknaden.

Mangefull søknad vert ikkje handsama.

## Oppfølging og rapportering

Sluttrapport skal sendast Vestland fylkeskommune innan 15. november 2021. Den skal innehalde:

- Ei kort skildring av gjennomførte tiltak og ev. avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering.

Ev. dokumentasjon i form av foto, link til nettside, avisutklipp e.l. Vestland fylkeskommune og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Administrasjonen kan gje utsetjing frå kravet om frist for innlevering av sluttrapport ved særlege høve. Brot på krava til rapportering/kontroll

kan føre til at tilsegn vert gjort om heilt eller delvis. Om tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen. Vesentlege avvik frå prosjektsøknaden kan føre til tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

#### **Klage**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søker mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Vestland [vlfk@vlfk.no](mailto:vlfk@vlfk.no)

Vi gjer merksam på at søkerar etter Forvaltningslova har rett til å gjere seg kjend med dokumenta i sak med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.